

SOS 202  
Bacheloroppgåve i sosiologi

Dette finn du i biblioteket.

Av Førstebibliotekar Dr. philos. Pål H. Bakka

# Alltid nyttig: Slik blir oppgåva lest

(eller: slik tenker sensor)

Dette er ei liste over dei 11 dimensjonane ein vitskapleg tekst – også ei bacheloroppgåve – vert vurdert på fagleg. Den er difor samstundes ei rettleiing i korleis ein slik tekst skal skrivast; ei sjekkliste over kva du må ha med teksten.

Nett denne lista er henta frå *Retningslinjer for kvalitativ karakterbedømmelse i statsvitenskap*, men prinsippa for vurdering av ein vitskapleg tekst er dei same i alle fag.

- 1. Er det ei fagleg sett vanskeleg eller lett oppgåve studenten har sett seg føre å handsama?
- 2. Har studenten vist evne til å avgrense temaet, slik at det kan handterast innanfor de rammene som gjelder for den aktuelle typen oppgåve, og er det formulert ei klar og presis problemstilling?
- 3. Har studenten oversikt over tidlegare forsking på området, og vist evne til å forankre problemstillingane i denne?
- 4. Har studenten vist evne til sjølvstende (og originalitet) ved val av problemstilling og/eller gjennomføring av analysen?
- 5. I kva grad er det valt et eigna forskingsdesign – og er det grunngjeve på ein overtydande måte innanfor den ramme som oppgåva set?
- 6. I kva grad er metodan(e) som er valde veleigna – og er de metodiske vala grunngjevne på ein overtydande måte innanfor den ramma oppgåva set?

7. Kva innsats har studenten lagt ned i innsamling og/eller tilrettelegging av materialet som er nytta i analysen?
8. Har studenten vist evne til å bygge opp og gjennomføra analysen på ein klar, systematisk og effektiv måte, med relevante og stringente resonnement? I kva grad har studenten sørga for å underbygga eller belegga påstandar som vert sette fram?
9. I kva grad held resultata av analysen mål? Er det etablert funn eller konklusjonar som forskarsamfunnet kan ha tillit til?
10. Har studenten vist evne til å skrive klårt, **svara på problemstillinga** som er sett opp og argumentera sakleg (nytta ei akademisk form)? (Krava til klart språk, og framstillinga av stoffet meir generelt, gjeld alle typar masteroppgåver utan omsyn til studiepoengstildeling.)
11. I kva grad er bruken av referansar i forbindelse med sitat og kjelder korrekt, under dette også ei fullstendig og rett ført litteraturliste?

For unngå stryk på grunn av plagiat: [Bruk av kilder i skriftlige arbeider](#)

# Å skrive bacheloroppgave er et forskningsprosjekt.

(Etter Sage Research Methods Project Planner)

Kva skal vil du ?	På sosiologisk	Kor kan du få hjelp	Ansvarleg
<a href="#"><u>Dette var interessant...</u></a>	Problematikk	Di eiga nyfikne	Deg sjølv
<a href="#"><u>Kva vil eg skriva om?</u></a>	Val av tema	Rettleiar. Medstudentar	Deg sjølv
<a href="#"><u>Lesa seg opp på emnet</u></a>	Litteratursøking og -review	Biblioteket	Deg sjølv
<a href="#"><u>Formuler eit spørsmål du kan svara på.</u></a>	<a href="#"><u>Operasjonalisering av hypotese</u></a>	Rettleiar. Seminar	Deg sjølv
<a href="#"><u>Korleis finna svaret?</u></a>	Forskingsdesign	Rettleiar. Seminar	Deg sjølv
<a href="#"><u>Planlegging og praktiske problem</u></a>	Forskinspraksis	Rettleiar. Bibliotek. Studiekonsulent	Deg sjølv
<a href="#"><u>Forskingsetikk</u></a>	Forskingsetikk	Rettleiar. Biblioteket	Deg sjølv
<a href="#"><u>Det nest vanskelegaste</u></a>	Datainnsamling	NSD. Biblioteket. Infomantane	Deg sjølv
<a href="#"><u>Det tredje vanskelegaste</u></a>	Datanalyse- og tolking	Rettleiar	Deg sjølv
<a href="#"><u>Det verkeleg vanskelege</u></a>	Skriving	Bibliotek. <a href="#"><u>Søk og skriv</u></a>	Deg sjølv

# Kva kan biblioteket konkret hjelpa med ?

På lista over vurderingsdimensjonane har biblioteket tilbod du treng på tre av punktene:

- Punkt 3: Faghistorien og din posisjonering i forhold til den.
- Punkt 7: Innsats i innhenting av materiale til oppgaven.
- Punkt 11: Biblioteket vil på forespørset korrekturlese det kritiske apparatet (henvisningert og litteraturliste) i oppgaven din.

I utviklinga av prosjektet ditt tilsvrarar

- punkt 3 tredje trinn,
- punkt 7 åttende tinn, og
- punkt 11 tiende trinn.

# Litteratursøking er ein del av metoden

- I all samfunnsvitskap er litteratursøking ein del av metoden. Dei data du brukar, utan omsyn til kor dei er henta frå (datasett, nettside, offentleg statistikk, bok eller artikkel), skal oppfylla krava til **reliabilitet** og **validitet**.
- Søketermene finn du på pensum og i fagleksikon.
- Hugs at litteratursøking er ein tidskritisk prosess.
- Bruk bibliografiene i fagleksikon og handbøker.

# Når er nok, nok?

Ofte stilt spørsmål:

Hvor mange bøker trenger jeg til denne oppgaven?

Svar:

«Nok».

Vil du ha sidetall ta utgangspunkt i at ett – 1 – studiepoeng tilsvarer et pensum på 100 sider. En bacheloroppgave er på 10 studiepoeng. Du må altså finne minst 1000 sider litteratur til oppgaven.

Men hvis du og veileder er enige om at du har lest «nok», så har du det.

# Samfunnsvitskapenes magi: Å setja namn på ting.

Max Weber på peikar på at einaste kjelda til samfunnsvitenskapelig er observasjon av menneskelig åtferd. Fenomena sosiologi og økonomi, statsvitenskap, geografi og sosialantropologi studerer er Durkheims *chôse sociale*, «sosiale ting»: metodisk baserte, teoretisk informerte konstruksjoner av virkeligheten.

Samfunnsvitskapens makt ligg i at den som set namn på alle desse sosiale tinga.

Skal du finne relevant og interessant materiale om eit fenomen må du vite kva fenomenet kalles i faglitteraturen. Disse omgrepa må vera på plass når du operasjonaliserer hypotesen. De bør være på plass alt i den konkrete formuleringa av problematikken du vil skrive om. Det er ikke lett å få hjelp til å finne noko som helst når du ikke kjenner namnet på det du leitar etter.

Dette er ren magi - «*Social Science as Sorcery*» (Stanislav Andreski, 1972)

# To kjelder: Databaser og «Store kloke bøker».

Internet er ei plattform for lagring og gjenfinning av informasjon. Det er ikkje ei kjelde i seg sjølv. Denne finnes i to ulike typer kilder:

- Databaser, og
- Referanselitteratur (heretter kalt «store kloke bøker»).

Skillet mellom ein database og ei «Stor klok bok» er i hvor stor grad innholdet er forhåndsorganisert.

I en database er det **du som sjølv organiserer informasjonen ved å konstruera søk**. I dei store kloke bøkene er **informasjonen alt organisert for deg**. Eit vellykka søk krev at du kjenner omgrepa som gir relevante treff, det være seg i «metadata» data som beskriv kjelda til dei data du søker, det være emneord, deskriptorar (taggar), klassifikasjonskoder eller sjølve teksten.

.

# Helt sikkert helt nytt ord: Kryptobibliografi

Fagleksikon og handbøker er nyttige både

- Fordi artiklene gir den faghistoriske og teoretiske gjennomgangen av fenomenet du skriv om som må til for å oppfylla evalueringskriterium 3 . Dei er kvalitetssikra og inneheld informasjon du elles måtte lest deg gjennom mange tekstar for å få.
- Fordi dei inneheld kryptobibliografier om emnet ditt. Desse er utfyllande opp til det tidspunktet dei vart sette sammen. Det er heilt legitimt å bruke slike bibliografier så lenge du referer til artiklane du fann dei i.

# Det finst «Store kloke bøker» om alt.

Eit fruktbart informasjonssøk börjar med ein visitt i ei klok bok, det være seg *Sosiologisk Leksikon* eller *Internationel Encyclopedia of Social and Behavioral Sciences* før du går på nettet for søka..

Referanselitteratur vert konvensjonelt delt i tre klassar:

- Ordbøker  
Korte (100-200 ord) definisjonar av faglege omgrep
- Leksikon  
Lengre (frå 500 til 2500 ord) innføringer i faghistorie, her også i bruken og utviklinga av ulike teoretiske og metodiske omgrep. Har bibliografi.
- Handbøker  
Lange (frå 3000 til 6000 ord) innføringer i emnet. Har bibliografi.

# «Dei store kloke bøkene»

## Eit utval av elektroniske leksikon

- [Oxford reference online: Sociology](#)
  - [Sosiologisk leksikon](#)
  - [Store norske leksikon](#)
  - [Encyclopedia Britannica Academic](#)
  - [Blackwell Encyclopedia of Sociology](#)
  - [International Encyclopedia of Social and Behavioral Science](#)
  - [Wiley-Blackwell Encyclopedia of Globalization](#)
  - [International Encyclopedia of Human geography](#)
  - [International Encyclopedia of Marriage and Family](#)
  - [The encyclopedia of global human migration](#)
  - [The Encyclopedia of War](#)
  - [Encyclopedia of Social Measurement](#)
  - [International Encyclopedia of Education](#)
  - [Dictionary of Gender Studies](#)
  - [Encyclopedia of Social Work\\*](#)
  - [Encyclopedia of feminist theories](#)
  - [Handbook of Contemporary Sociological Theory](#)
  - [Handbook of the Sociology of Racial and Ethnic Relations](#)
  - [The Routledge International Handbook of the Sociology of Education](#)
  - [The Handbook of Economic Sociology,](#)
  - [Handbook of the Sociology of Gender](#)
  - [Handbook of Sociology and Human Rights](#)
  - [The Palgrave Handbook of the Sociology of Work in Europe](#)
  - [Handbook of the sociology of health, illness, and healing:](#)
  - [The Oxford Handbook of the Sociology of Religion](#)
  - [Handbook of Sociology of Aging](#)
  - [The Routledge international handbook to veils and veiling practices](#)
  - [The Blackwell Guide to Social and Political Philosophy](#)
- \* bare delvis tilgang

# Meir: Trykte leksikon og databasar (I).

For den som vil gå litt dypere i faghistorien kan disse på papir anbefales:

International Encyclopedia of the Social Sciences (1968-1979). 17 bind.

UBBSMP 300.3 Int

Encyclopedia of the Social Sciences (1937) 15 volum i 8 bind.

UBBSMP 300.3 Enc

## Databaser og -kilder

[Cross-national time-series data archive \("Banks data"\)](#)

[Europa World Plus](#)

[ICPSR - Inter-University Consortium for political and social science](#)

[OECD iLibrary](#) (alle OECD-publikasjoner)

# Databaser (II) (og mer obskure institusjonssider)

- [Parties and Elections in Europe](#)
- [LatinNews \(Latin American Weekly Newsletter\)](#)
- [Africa Confidential](#)
- [Keesing's – verdshendingar 1931 til 2018 \(sagt opp 1 2018 pga liten bruk\)](#)
- [Transitions online - database for det som skjer i Aust-Europa](#)
- [European Research Papers Archive - ERPA](#)
- [Asia Portal](#)
- [International IDEA](#)
- [Latin American Studies](#)
- [Nordiska Afrikainstitutet - A guide to Africa on the internet](#)
- [Official document system of the United Nations](#)
- [UNData](#)
- [World Development Indicators](#)
- [World Economic Outlook Reports](#)
- [Eurostat](#)
- [Eurobarometer](#)
- [UK Data Archive \(UKDA\)](#)
- [Data Archive for the Social Sciences - GESIS](#)
- [Genderstats - Database on gender statistics](#)
- [Inter-Parliamentary Union](#)
- [IMF](#)

# Nokon les for deg: Reviewtidsskrift

- Ettersom det er gått inflasjon i talet på vitskapelege artiklar er det å lese, og skriva samandrag, av artikler ei vekstnæring. Det som blir vert lest for deg publiserast i reviewtidsskrift. (Men det er ikkje slik at alle tidsskrift med review i tittelen er et reviewtidsskrift. Dei var det kan henda den gongen dei kom, men det begynne å bli lenge siden. (I dag vert det skrive monaleg meir enn det vert lest er 1/n)).
- Sentrale reviewpublikasjonene er:
  - [Annual review of sociology](#) 1975 - .(forskningsfrontartikler)
  - [Contemporary sociology – a journal of reviews](#)
  - [Sociological abstracts](#) (artikelabstract)

# Wikipedia <sukk>

De har no vore lenge nok på universitetet til å vite at de **IKKJE** skal referera til Wikipedia. Wikipedia er eit sosialt medium som Instagram, Facebook og YouTube. Det meste av innhaldet er plagiert frå andre oppslagsverk og det kritiske apparatet i mange av artiklane held ikkje mål. Nettsida har ikkje redaktøransvar, forfattarane er anonyme, og det er ingen kvalitetskontroll anna enn den interesserte brukarar står for.

I tillegg minner eg om at ...

- Bruk av Wikipedia vil slå negativt ut på evalueringskriterium 7.
- Artiklane, bibliografiene og lenkinga er bedre i dei store kloke bøkene UB betalar for.

# Men er det godt nok?

- Det du finn i biblioteket eller i databasane og gjennom søkemotorane biblioteket stiller til rådvelde er «godt nok».
- Kjeldekritikk: Reliabilitet og validitet. Ikkje tro på alt du les. «Vitskapelighet» i teoretisk forstand er å ta utgangspunkt i at det du les/observerer ikkje er korrekt og prøva å avkrefta (falsifisera) det .. (Popper's falsifikasjonsprinsipp). Dette gjeld spesielt utsegner du er samd i.
- Eller du kan konsultera [Encyclopedia of superstitions](#)

# Ja, det er faktisk det ...

I følgje tidskriftbasen UlrichsWeb finst det i kategoriene *Sociology og Social Sciences : Comprehensive Works* 3055 tidsskrift som oppfyller UiBs krav til fagfellevurdering og elektronisk format; av desse 2867 aktive. Av desse igjen har 1690 tekst på engelsk eller skandinavisk. (Og 94 på fransk, 45 på tysk, 345 på spansk, 170 på portugisisk og 130 på russisk).

Av engelsk-/skandinaviskspråklege gir UB tilgjenge til 1044, 61,9 %. Av desse kjøper UB 652, medan 392 er *open access*. Og av dei 211 fagfellevurderte tidsskrifta som vert rangerte i *Web of Science* gjev UB tilgjenge til **alle**.

# Søkekjelder: Mest for bøker

- [Oria.no](#) – Norske fagbibliotek sin samkatalog. Her finn du alle bøker og tidsskriftartiklar tilgjengelege i Noreg i tillegg til alle trykte bøker på norsk. Litt veik på norske elektroniske publikasjonar. ([Hjelp](#))
- [Google scholar](#)- her finn du også alle bøker og artiklar i norske fagbibliotek. I tillegg finn du her alle bøker, artiklar, rapportar, masteroppgåver osv lagra elektronisk ved norske universitet og høgskular. Google Scholar er ei betre kjelde til litteratur om norske tilhøve enn oria.no. ([Hjelp](#))
- [WorldCat](#) - internasjonal samkatalog over bøker. Bøker du ikke finn i oria.no finn og bestiller du gjennom denne katalogen.

# Emneregisteret til bøkene: Finna bøker om bestemte emne i oria.no

Den beste måten å finna bøker på når du leitar etter litteratur om eit emne er å gå rett på hylla. Men ettersom mange av dei nye fagbøkene er e-bøker står ikkje dei der. Beste (einaste) måten å finna både papir- og e-bøker på i oria.no er å søka gjennom søkermotoren

## "UBB Emneregister"

Dette søkeret går direkte på bøkene sin emnesignatur. Det er eit to-trinns søker der søking på emneordet går til ei treffliste der du kan klikka rett på det emnet du er interessert i.

# Alt annet enn bøker: ProQuest One Academic

- For alt anna enn bøker og artiklar du kan tittelen på brukar du databasen **ProQuestOne Academic**, som er ein fleirfagleg, internasjonal database for bok-, tidsskrift-, rapport, avis-, video-, podcast-, nettside- og videolitteratur i fulltekst ([Hjelp](#).)
- Den inneholder **ALLE** sosiologisk og statsvitenskapelig relevante søkekjelder

Og av og til er ting berre kule ...

## BrowZine

(fagdelt liste over alle UB sine tidsskrift)

## Hylleliste for bøker

(bøkene slik dei står på hylla)

- [ABI/Inform](#)
- [IBSS – den internasjonale samfunnsvitskaplege tidskriftdatabasen](#)
- [E-book central – elektroniske bøker](#)
- [Dissertations and theses online – internasjonale doktoravhandlinger](#)
- [PAIS Index \(1914 - current\)](#)
- [Business Market Research Collection](#)
- [International Newsstream](#)
- [Military Database](#)
- [Healthcare Administration Database](#)
- [Worldwide Political Science Abstracts](#)
- [Sociological Abstracts](#)

Hele basen kan samsøkast. Men fordelen med den er at du kan søka direkte i den einskilde basen.



# Søketips 1

- Søking er ei øving i den heiderskrona idretten *Garbage in, garbage out*. Det er orda og ordkombinasjonane du legg inn i søkefeltet som avgjer kva som kjem ut i trefflista. Ettersom sosiologien berre står for ein – 1 – prosent av den informasjonen du finn på nettet vil ufullkomne søk gi trefflister fulle av støy. Bruk difor etablerte fagtermar når du søker etter litteratur om eit emne. Hugs at det meste av høystakken du leitar i er engelskspråkleg. Det er ofte lettare å finna informasjon på norsk enn på engelsk sidan det neppe finst meir enn eit par millionar relevant norskspråklege dokument på nettet.

# Søketips 2

- Bruk standard søkesyntaks; altså " ... " for å søka på setningar eller fraser, \* for å søka på ordstammar, og ? som jokerteikn inne i ord. For å setja ord sammen må du bruka dei engelske "AND", "OR" og "NOT". I utgangspunktet vert alle ord kombinerte med AND. Vil du kombinera ei frase i ei eller-utsegn må frasen i parentes: (... ... ) OR ... . (Søking er matematikk. Burde følt betre med i matte på skulen ...). Du kan legga inn så mange ord og frasar og kombinera dei som du vil berre du hugsar parentesbalansen.
- Men det lettaste er søka på tittel etter bøker og artiklar du har funne i ein bibliografi ☺

# Litt om metode

Du treng i utgangspunktet ikkje annan metodelitteratur enn den på MET102 pensum. Metode er noko av det viktigaste du må kunna for å verta ein god sosiolog (og for å få din første jobb). Men sjølv om du aldri kjem til å bruka formell metode i framtida er det viktig at du kan nok til å avsløra bruk av "metode" og «statistikk» som hersketeknikk.

Det mest av metodelitteraturen ved UB finn du samla i databasen [Sage Research Methods Online](#) som i tillegg til e-bøker og –artikler har både podcastar og videoar om metode. Alt innhaldet er på engelsk. I denne basen vil du finna litteratur om den metoden du har brukt - sjølv om du ikkje visste det på førehand.

# Emneoppstilling av metodebøkene på SMP med lenker til Sage Research Methods

Aksjonsforskning	<a href="#"><u>300.72A*</u></a>	Forskningsmetoder	<a href="#"><u>300.721</u></a>	Måleproblem	<a href="#"><u>300.723M</u></a>
Biografisk metode «Historisk metode»	<a href="#"><u>300.722B</u></a>	<i>Grounded theory</i> Deltakande observasjon	<a href="#"><u>300.722G</u></a>	Narrativ analyse	<a href="#"><u>300.722N</u></a>
Case-studiar	<a href="#"><u>300.722C</u></a>	Informantintervju	<a href="#"><u>300.722I</u></a>	Surveyanalyse	<a href="#"><u>300.723S</u></a>
		Komparativ metode	<a href="#"><u>300.723K</u></a>	R	<a href="#"><u>300.727</u></a>
Dokumentanalyse	<a href="#"><u>300.722D</u></a>	<a href="#"><u>Kvalitative metoder**</u></a>	<a href="#"><u>300.722</u></a>	SPSS	<a href="#"><u>300.727S</u> <u>PS</u></a>
Etnometodologi «Feltarbeid»	<a href="#"><u>300.722E</u></a>	<a href="#"><u>Kvantitative</u> <u>metoder***</u></a>	<a href="#"><u>300.723</u></a>	STATA	<a href="#"><u>300.727</u></a>
Evaluering	<a href="#"><u>300.72E</u></a>	Lengdesnittanalyse	<a href="#"><u>300.723L</u></a>	Statistiske teknikker	<a href="#"><u>300.727</u></a>
Fokusgrupper	<a href="#"><u>300.722F</u></a>	Metaanalyse Sekundæranalyse	<a href="#"><u>300.72M</u></a>	(this space for rent)	

\*Lenker til hylleliste for alle oppstillinger \*\* Lenke til *Little Blue Books* \*\*\* Lenke til *Little Green Books*

# Litt om «sekundæranalyse»

Eller metaanalyse. Eller skrivebordsforskning.

- Når du hentar data dine frå vanlige bøker og artiklar gjer du det som i metodelitteraturen vert kalla «sekundæranalyse» eller «metanalyse». Det er ikkje direkte pensumdekking for denne i MET102.
- Dette i motsetnad til den «primæranalysen» du gjer når du analyserer data du sjølv har henta inn ved informantintervju o.l eller gjer ein kvantitativ analyse direkte frå tilgjengeleg data – også data du ikkje har samla inn sjølv.
- [Meta-Analysis](#) i *The SAGE Encyclopedia of Social Science Research Methods*
- [SAGE Secondary Data Analysis](#)
- [Introduction to Meta-Analysis](#)
- [Understanding the new statistics : effect sizes, confidence intervals, and meta-analysis](#)

# Andre kjelder til informasjon og dokumentasjon

[\*\*Institutt for Samfunnsforskning\*\*](#)

[\*\*NORCE\*\*](#)

[\*\*NIFU. Norsk institutt for studier av  
forskning og utdanning\*\*](#)

[\*\*NIKK. Nordisk information för kunskap  
om kön\*\*](#)

[\*\*SIFO.Statens institutt for  
forbruksforskning\*\*](#)

[\*\*Statistisk Sentralbyrå.SSB\*\*](#)

[\*\*Kvinfo\*\*](#)

[\*\*By og regionforskingnsinstitutt NIBR\*\*](#)

[\*\*Bygdeforskning\*\*](#)

[\*\*NOVA - Norsk institutt for forskning om  
Oppvekst, Velferd og Aldring\*\*](#)

# Skriving

- Beste hjelphemiddel i skrivprosessen er



- Sosiologisk institutt har referansestilen APA 6.utgåve som standard.

Og hvis du føler at du står fast og verden ikke vil deg vel, prøv:

- An Encyclopedia of Swearing : The Social History of Oaths, Profanity, Foul Language, and Ethnic Slurs in the English-Speaking World
- Damned Lies and Statistics : Untangling Numbers from the Media, Politicians, and Activists
- The Oxford handbook of lying
- The Wiley handbook of genius

Og lukke til med arbeidet.

Lurar du på noko?

Spør.